

ARBEIDARAR OG UNDERTRYKTE I ALLE LAND - GÅ SAMAN !



# RAUD MORGON

NO.3 ÅRGANG 3

KR. 1,-

ORGAN FOR RAUD FRONT

HJELLE 1977



Handwritten text, likely bleed-through from the reverse side of the page. The text is mostly illegible due to fading and bleed-through, but some words like "Vestland" are visible.





### Leiar:

Vi står no ovafor store og viktige politiske diskusjonar. For å få eit gjennombrot i dei er det nødvendig å gjere opp med ein del feilaktige tendensar. Det finst ein tendens til kritisisme, til å leggje ansvaret for alle svakheiter til Leirleinga, til å rette all kritikk mot leirleinga i staden for å ta kritikken opp med dei ansvarlege og sjølv ta initiativ for å löyse problema.

Det har kome kritikk mot leirleinga for å ikkje ha gjeve retningsliner for opplegget for pionerane. Har vedkomande undersøkt dette? Nei. Det stemmer ikkje. Leirleinga gav retningsliner for pionerarbeidet i god tid.

Leirleinga får stadige henvendelser frå vaktene om brifing osv., sjølv om det står i vaktinstruksen at dei skal kontakte mottagelseskomiteen.

Det finst tendensar til udemokratisk stil i diskusjonar der motseiingar står skarpt. Dette kom klarast fram i diskusjonen om det er rett å inngå taktiske alliansar med USA-imperialismen i tilfelle Noreg blir okkupert av begge supermaktene. For å komme fram til ein rett politikk treng vi sakligheit og grundigheit.

Leirleinga.

Spørsmål til plenumsdiskusjonen ~~inn morgon~~ i dag:

Er det rett å inngå taktiske alliansar med USA-imperialismen i tilfelle begge supermaktene okkuperer Norge.

DAGSORDEN ONSDAG.

07.00 Velking

07.30 Morgonsamling

0800-0900 Frokost

1000-1100 Brigadediskusjon på idrett.

Idrett: terrengløp.

Brig1 1115- 1145

Brig2 1145- 1215

Brig3 1215- 1245

Brig4 1245- 1315

Etter løpet skal brigadane bada i ~~svatnet~~Prøv å gjenomfør dette sjölv om været ikkje er altfor bra!

BRIGADANE GJENNOMFÖRER SJÖLVSTENDIGE OPLEGG IFRÖMMELOM!

1400-1500 Middag

1500-1700 Plenumsdiskusjon. ~~Kyk~~Folkekrig.

1800-1900 Kveldsmat.

1900- Brigadesamling.

Spörsmål til idrettsdiskusjon:

1. Er det viktig å drive organisert idrett/melde seg inn i idrettslag?
2. Led tanke på folkekrigen - kva idrettar er viktigast.  
Kva med boksing?
3. Er konkurransar eit borgarleg fenomen?



## SONGAR

Den tyske nazisnen tók Noreg med makt  
 Og massane ville om landet stå vakt  
 Men leiinga mangla og NKP stod,  
 for lina med samarbeid, orden og ro.  
 Partiet som sveik var NKP, var NKP, var NKP.

Vi veit at ein verdskrig vil komme igjen  
 Og no må vi bu oss til kamp imot den  
 Og folkekrig veit vi er vegen å gå  
 Og frenst i den kampen nå AKP stå  
 Partiet i brodden er AKP, er AKP, er AKP - ML!

(mel. Per spelenamn)

Kan dansast!

LÆR AV SOGA

Fremandt folk i feider, det ser vi mykje av,  
 men her i lune Noreg er fienden lagt i grav?  
 Slik er stoda, kamerat: No er freden fåfengd won.  
 Sablar raslar kvassare frå Krenl og Pentagon.

Storebroren austfrå kan aldri ta sin dolk  
 og støyta inn i ryggen på heile verdas folk?  
 Lær av soga, kamerat, storebror har skifta fjor:  
 Pratar fred som tyske-ørn, men kvesser sine klør!

Tenk på krigens redsle med vald og barbari  
 Hiroshinas lagnad er done for vår tid?  
 Lær av soga, kamerat, dei har utsuging som mål!  
 Ikkje stein og oske frå byar brent på bål!

Krigsmakta er mektig, vi kan vel ikkje slåss  
 USA er mektig, og Sovjet ein koloss?  
 Lær av soga, kamerat, dei er tigrar av papir  
 som brenn opp av våpna som folkekrigen smir!

Ja, slik er soga, kamerat, ho er meisla ut i strid.  
 Underkua folk vil alltiå slå seg fri!

## MARSJ PARTISAN!

Kom patriot - organisering  
 Ørnane stig - mobilisering  
 :/: Høgt opp til fjells sonlar vi flokken.  
 Stolte ørn - marsj, partisan:/:

Kom patrio, kom til vår base  
 Himmel som tak, leie i gras  
 :/: Varne gevar vernar om reiret  
 Stolte ørn - marsj, partisan! :/:

Flammer og røyk - revolusjonen  
 sprer seg som eld - tenner nasjonen  
 :/: døden er nær for reaksjonen  
 Stolte ørn - marsj, partisan:/:

Kom patriot - organisering  
 Ørnane stig - mobilisering  
 :/: Valspråket er - død eller siger  
 Stolte ørn - marsj partisan! :/:



## HEMMELEG OPPMARSJ

Vår jord er forpestet av kviskring  
Høyrer du den, proletar!  
Det minner om Göring og Quisling  
Hugsar du dei proletar?  
Det kviskrer frå olje- og stålprodusentar  
Det kviskrer i Pentagons fredskanselli  
På fem kontinent kviskrer Moskvas agentar:  
"Gløym vårt krigsmaskineri!"

refreng:

Bonde, arbeidar grip til geværet!  
Krig inot krigens tyrann!  
Frigjeringskrig inot imperialismen  
om han set landet i brann!  
Plant dine raude arbeidarfaner  
på kvar ein åker og i kvar fabrikk  
Då veks det or oske frå krigens vulkanar  
ein sosialistisk og norsk republikk.

Arbeidar, dei intervenserer!  
Kjen det eit nytt nittenferr?  
Dei rustar og mobiliserer!  
Atter kanonar for smør!  
I aust står dei klar til å hærta Europa,  
i vest trugar NATO ned verdspoliti.  
Dei rivaliserer! Snart høyrer du rop:  
"Krig for verdshegemoni!"

refreng.